Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 43. Fylke: Telemark

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Kviteseid

Emne: Ting til legedom og vern mot sykdom. Bygdelag: Brunkeberg

Oppskr. av: Jørgen Heggtveit Gard:

(adresse): Meås G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Etter eigne røynslor og andres upplysingar.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

A/ Ringer.

1. Bruk av ringar på fingeren til hjelp mot gikt, hev vorte bruka.

Det var særleg ringar som fantar for med og var som regel av messing eller kopar.

Dei skulde vera gode å bruke mot gikt, og var kalla „giktringar". –

I åri under fyrste verdenskrig 1914 og framyver var det selde so-kalla „elektriske belte" til å kneppa rundt livet. Det var agentar frå firma som selde dei og fleire kaupte. Desse og var bruka mot gikt. Avertisemang i bladi gjorde og myki til at dei var spredde.

Nokon særleg hjelp var dei víst ikkje og dei gjekk fort ut. –

a. Hengesmykker.

A. Lengatende i tidi bruka dei å ha hengesmykke rundt halsen

13888

i ei snor. Det var vel og myki mot gikt.

Slike smykke vert av å til funnen i jordi. Nedskrivaren av dette ha eit slikt ein gong som var funnen i nabobygdi til Kvite-seid, Seljord, og det ha skap som eit kors med fire holor gjenom. På baksida fortalte finnaren at det sat at reistar av ein eller anan ting som draus av, då det var tært bort av jordi.

Her er smykke i naturleg storleik, teikna etter det som vart funne.



Det er av kopar som er klypt ut av ei tunn plate. Venteleg er det frå fyrstningi av 1800 talet.

Ringen til å ha band gjenom er messing.

E.F. Spursmål om „øreringar" og forskjelige andre ting er ikkje kjendt.

13888